

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSDIREKTIV 96/56/EF

av 3. september 1996

om endring av direktiv 67/548/EØF om tilnærming av lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlige stoffer(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 100 A,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegnen frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten⁽³⁾, og

ut frå desse synsmåtene:

Forkortinga «EØF» finst i nokre av føresegnene i rådsdirektiv 67/548/EØF av 27. juni 1967 om tilnærming av lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlige stoffer⁽⁴⁾.

Ved artikkel G i traktaten om Den europeiske unionen vart uttrykket «Det europeiske økonomiske fællesskapet» endra til «Det europeiske fællesskapet». I dei førnemnde føresegnene bør difor forkortinga «EØF» endrast til «EF».

Marknadsdeltakarar får vanlegvis levert etikettar i store parti, og visse farlege stoff som er merkte på rett måte med etikettar påførde forkortinga «EØF», kan vere lagra på produksjonsstadene i eit etter måten langt tidsrom før dei vert marknadsførde. Endringa av forkortinga kan føre med seg store ekstrautgifter for desse marknadsdeltakarane. Difor bør dei få ein rimeleg frist der dei kan halde fram med å marknadsføre farlege stoff som er merkte med ein etikett som har eit «EØF-nummer» og nemninga «EØF-etikett».

Direktiv 67/548/EØF bør difor endrast -

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I direktiv 67/548/EØF vert det gjort følgjande endringar:

- a) I artikkel 21 nr. 2 vert «EØF-nummer» endra til «EF-nummer».
- b) I artikkel 23 nr. 2 bokstav f) vert «EØF-nummer» og «EØF-etikett» endra til høvesvis «EF-nummer» og «EF-etikett».

Medlemsstatane skal likevel inntil 31. desember 2000 tillate marknadsføring av stoff som er merkte med ein etikett som har eit «EØF-nummer» og nemninga «EØF-etikett».

Artikkel 2

Medlemsstatane skal innan 1. juni 1998 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde tredje dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 3. september 1996.

For Europaparlamentet

K. HÄNSCH

President

For Rådet

I. YATES

Formann

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 236 av 18.9.1996, s. 35, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 92/97 av 9. desember 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(1) TEF nr. C 73 av 13.3.1996, s. 20.

(2) Fråsegn gjeven 28. februar 1996 (TEF nr. C 153 av 28.5.1996, s. 1).

(3) Europaparlamentsfråsegn av 13. februar 1996 (TEF nr. C 65 av 4.3.1996, s. 26), felles haldning frå Rådet av 4. mars 1996 (TEF nr. C 134 av 6.5.1996, s. 9) og europaparlamentsavgjerd av 22. mai 1996 (TEF nr. C 166 av 10.6.1996, s. 60).

(4) TEF nr. 196 av 16.8.1967, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 94/69/EF (TEF nr. L 381 av 31.12.1994, s. 1) og ved tilmeldingsakta av 1994.